Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 — Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Vik

Emne: Vannbering — Bygdelag: Vik

Oppskr. av: Tor Hovland — Gard: Sæbö

(adresse): Vik i Sogn — G.nr. 1. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. x)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): xx)

x) xx) båe deler.

SVAR

1. Ja. Vassele kallar ein beretreet. Den vanlege type i Vik har vore eit beretre som ligg på båe skuldrer med utholka opning for halsen.
Det vanlege har vore jarnlekkjer og jarnkrokar. Men ein kan også høyra at det har vore bruka tau, og i eldre tider vidjer.
Det er enno ikkje heilt slutt med å bera i trebytter. På sume gardsbruk bur enno gamle kallar som „laggar" trekjerald. Serleg no i krigsåri kom trebytter i bruk att.

2. a. Ikkje kjent her.
2. b. vasskjerald heiter i folkemålet: Vassbrokk, vass-så.

3. a. Ikkje kjent her.

4. b. Det har vore serleg kvinnone som må bera vatn. Det er serleg ved vinterstid at vassbering vert nytta, og då er mannfolket gjerne på anna utearbeid.

5. Ja, metoden er nytta enno i Vik; men då helst av eldre folk. Den vert også

1920

nytta på gardsbruki

6. Om vinteren i frostbolkar når det er lite nedbør, kan det ofte vera vandt med å få vatn til huset her. Det vert då ofte ordna slik at dei köyrer vatn. Dei har ei eller fleire tunnor på ein slede. No i seinste åri har dei gått meir over til å köyra vatn i meierispann.
På garden Hovland i Vangsnes, der nedskrivaren attar frå, har dei enno i bruk ein serskild konstruert vasslede med ei stor, liggande tunne med topp i enden. Når dei auser vatn i tunna, legg dei ein vid kraga over spunshålet (vassilen)

7. Det er ålment i bygda no at det er innlagt springar i buståhus og fjøsbygningar. Eller dei har pumper i kjellarane. Men om vinterstider er springane nokso utsette for frost, og det hender då at praktisk tala må heile bygda henta vatn på gamaldags vis. Ofte er det lang köyring, og då er ein kar mest oppteken med detta å syta for å få vatn til huset.

1026

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING